



Arkivsak 200504724-3
Arkivnr. 3
Saksh. Arnesen, Arthur K.

Saksgang

Fylkesutvalet
Fylkestinget

Møtedato

21.09.2005 - 22.09.2005
11.10.2005 – 12.10.2005

PILOTPROSJEKT FOR Å UTLØYSE EI BIOENERGINÆRING I HORDALAND

SAMANDRAG

Osterfjord Nærings samarbeid har søkt om til saman 4 mill kr i tilskott frå Hordaland fylkeskommune til eit pilotprosjekt for å stimulere til etablering av ulike bioenergianlegg. Pilotprosjektet skal medverke til å utløyse ei bioenerginæring i Hordaland.

Hordaland har store ressursar som kan nyttast til bioenergiformål, men næringa er lite utvikla. Dette gjeld både produksjon og bruk av biobrensel. Utviklinga har kome mykje lengre i andre deler av landet og internasjonalt. Bioenergi er CO₂ nøytralt og vert rekna som miljøvenleg.

Prosjektet vert omfatta av EØS regelverket om forbod mot statsstøtte til føretak utan omfattande prosedyrar for førehandsgodkjenning (notifikasjon). Regelverket har nokre unntak for å kunne gi støtte utan denne førehandsgodkjenninga. Dette prosjektet kan koma inn under desse unntaka.

Hordaland fylkeskommune vil få kompensert noko av tapet ein har hatt på momskompensasjons-ordninga, og det er realistisk at tilskotssummen på 4 mill kr til prosjektet er innan rekkevidde.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune får kompensert minst 4 mill kr i samband med gjennomgangen av momskompensasjonsordninga, godkjenner fylkestinget at pilotprosjektet for å utløyse ei bioenerginæring i Hordaland får tilskot på inntil 4 mill kr basert på oppsett finansieringsplan. Det er ein føresetnad at støtten vert gjeven innanfor gjeldande reglar i EØS regelverket for statsstøtte.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar i samsvar med vedtaket.

Paul M. Nilsen

Jan-Per Styve

Vedlegg: - Søknad med prosjektplan frå Osterfjord Næringssamarbeid datert 07.07.2005

FYLKESRÅDMANNEN, 15.09.2005:

Bakgrunn.

I ein søknad med prosjektplan av 07.07.05 frå Osterfjord Nærings samarbeid har dei søkt om til saman 4 mill kr i tilskott frå Hordaland fylkeskommune over ein periode på 3 år, av dette 2 mill kr i 2005. Total forventet "prosjektråme" over 3 år er 40 mill kr noko som inneber ein gjennomsnittleg støttesats på 10%. I tillegg til tilskott frå oss, er det og planlagt å søkje støtte frå Enova i tillegg til lånefinansiering og eigenkapital.

I fylkestingets handsaming av budsjettet for 2005 (Sak 71/04) inngår mellom anna følgjande avsnitt om bruk av momskompensasjonsoppgjeret:

"Fylkestinget ønskjer også å medverka til vidare næringsutvikling i regionen, og vil koma tilbake til dette når ein ser resultatet av momskompensasjonsoppgjeret. I denne omgangen vert Odda næringshage tildelt eit eingangstilskot, i tillegg til satsinga på unge entreprenørar."

" 5. I samband med momskompensasjonsoppgjeret som er varsla i revidert nasjonalbudsjett, ønskjar fylkestinget å bruka deler av dei evt. auka midlane som her blir tilgjengelege til å styrkja regional utvikling, spesielt med tanke på prosjekt innan miljø og næring."

I Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2005 (RUP 2005) er energi prioritert som ei av næringane der fylket har særlege føremoner. Eit av 3 satsingsområde er å "stimulera til auka utbygging av småkraftverk og satsing på bioenergi i Hordaland".

Regionalt har Osterfjordrådet og Osterfjord Nærings samarbeid peika ut bioenergi som eit satsingsfelt i Osterfjordområdet. Vidare inngår satsing på bioenergi i Osterøy og Vaksdal kommunar sine energistrategiar.

Utviklinga i bransjen.

I våre naboland, og særleg i Sverige, er utvikling av bioenerginæringa kome mykje lengre enn her i landet. I tillegg til biologisk baserte energikjelder til varmesentralar og varmekraftverk, har dei og meir enn 250 bensinstasjonar som leverar etanol iblanda ca 15% bensin som alternativt drivstoff til bilar. I Noreg er ein og i gang med utvikling av bioenerginæringa, særleg i nokre område på Austlandet.

Utanom bruk av ved, er bioenerginæringa i Hordaland lite utvikla i dag. Me nyttar i Hordaland for det meste elektrisk og fossil energi til oppvarming. Dei få aktørane som i dag nyttar biobrensel hentar mykje av brenselet frå aktørar på Austlandet då lokale aktørar ikkje kan konkurrere på kvalitet og pris. Nokon av dei viktigaste brukarane og planlagde prosjekta innan bioenergi er nemnd i gjennomgangen av søknaden nedanfor.

Hordaland har store ressursar i form av avfallsvirke, skogsvirke og organisk avfall som kan nyttast i bioenergiproduksjon. Dette er mellom anna omtalt i ei utgreiing Naturvernforbundet har gjort med støtte frå Statoil Mongstad. Noko avfallsvirke vert i dag sendt ut av fylket, men mesteparten vert deponert. For skogeigarane vil det vere interessant å få til ein alternativ- eller tilleggsmarknad for avsetnad av avfallsvirke/massevirke.

I følgje søkjar er situasjonen i Hordaland karakterisert av at det er vanskeleg å starte biobrenselproduksjon når det nesten ikkje finst biovarmesentralar (kundar). Og det er vanskeleg å byggje varmesentralar når det (mest) ikkje finst biobrenselproduksjon (leverandørar).

I motsetnad til fossile brenslar, er bioenergi CO₂-nøytral ved at den ikkje har innverknad på CO₂ balansen i atmosfæren. Trugselen om klimaendringar gjer det ønskeleg å erstatte fossilt brensel med bioenergi der dette er mogleg og forsvarleg.

Prosjektorganisering.

Osterfjord Næringssamarbeid ved Industrikonsulenten på Osterøy er prosjektansvarleg og formell søkjar. Dei er den regionale utviklingsaktøren for kommunane Osterøy, Vaksdal og Modalen.

Osterfjord Næringssamarbeid har samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune om å vere utøvande organ for regional næringsutvikling i Osterfjord-regionen.

Osterfjord Næringssamarbeid forvaltar og midlar frå Hordaland fylkeskommune til det regionale næringsfondet. Dei har allereie vedteke å prioritere av desse midlane for å kartlegge råstoffpotensialet og potensialet for varmesentralar for å stimulere til etablering av bioenergianlegg i Osterfjord-regionen. Dette vil komme i tillegg til dei midlane det vert søkt om her.

Som styringsgruppe for gjennomføring av pilotprosjektet foreslår søkjar:

- Fellesmøtet (styret) i Osterfjord Næringssamarbeid: 4 personar
- Leiar i Osterfjordrådet
- Leiar i Osterøy skogeigarlag
- Representant for Hordaland fylkeskommune (dersom fylkeskommunen ønskjer).

Søkjar har definert følgjande mål for prosjektet: ”Stimulere til etablering av bioenergianlegg i Hordaland for å medverke til å utløyse ei bioenerginæring med eit potensiale på 1.000-2.000 arbeidsplassar med god regional fordeling.”

Dette er tenkt gjort ved at 30%-50% av midlane vil verte nytta til tilskott til prosjektering og investering i anlegg for biobrenselproduksjon (brikettar/ flis). Brikettar kan nyttast både i varmesentralar og i vanlege private omnar. Dei resterande midlane skal nyttast til tilskott til prosjektering og investering i anlegg for produksjon av biovarme (varmesentralar og eventuelt nær-/fjernvarmenett). Eit vilkår for tilskott skal vere at anlegga vert tilgjengelege for omvisingar for interesserte.

Planen er å kunne gje investeringstilskott på 5%-15% avhengig av om det også kan skaffast annan støtte. Det finst ei støtteordning knytt til landbruksnæringa. Enova har støtteordningar, men truleg vil dei fleste anlegga som er aktuelle vere for små til å komme inn under desse ordningane. Ein mindre del av støtta skal og kunne nyttast til planleggingstilskott på inntil 50% av kostnadene.

Det er aktuelt å medverke med tilskott til bioenergianlegg både i og utanfor Osterfjord-regionen, spesielt i regi av skogeigarane.

Aktører og prosjektidear.

Av aktuelle aktører og prosjekt i Osterfjordområdet nemner søkjar:

- *Palle, karm og kassefabrikken AS* på Hauge er eigd av Rolf Hagebø. Dei driv eit anlegg for gjenbruk og reparasjon av pallar. Dei har kjøpt ein knusar for produksjon av treflis og ei mindre presse for produksjon av trebrikettar. Dei planlegg ei utbygging i 2 trinn. Først ein mindre prøveproduksjon, deretter ein eigen brikettfabrikk på Hauge med investeringsramme på ca 11-12 mill kr.

- *Mjelstad Miljø AS* (deponi for næringsavfall) er eigd av BiR AS. Dei tok i september 2004 i bruk sitt anlegg for oppsamling av deponigass. Planen er å nytte denne til energiproduksjon saman med gass frå planlagt biogassanlegg. Denne gassen vert i dag brunne i fakkellamp til inga energinytte (ca 350 kW, tilsvarande årleg energi på 3 GWh).

- *Osterøy Energi AS* er eigd av dei lokale selskapa Hordaland Miljørens AS og Osterøy Næringspark AS. Dei førebur saman med m.a. Mjelstad Miljø AS bygging av biogassanlegg for våtorganisk avfall (inntil 20.000 t pr år) ved deponiet. Det vil verte produsert elektrisk energi (ca 4,5 GWh). Noko av varmeenergien vil verte nytta i prosessen; det meste (4,7 GWh) vil verte nytta til tørking av flis (avfallsvirke og skogsvirke) for produksjon av biobrensel. Konesjonssøknad vart innsend til Fylkesmannen i mars 2004.

I tilknytning til deponiet og biogassanlegget er det prosjektert eit knuse- og tørkeanlegg for treflis og fabrikk for produksjon av trebrikettar og/eller pellets. Knuse- og tørkeanlegget vil kunne bruke både "reint" og "ureint" avfallstrevirke og skogsflis som råstoff. Det er oppretta kontakt med m.a. Os Skog AS med sikte på å utvikle hogst- og distribusjonsløyser for å forsyne anlegget med skogsflis.

Kostnadsramma for komplett biogassanlegg og flis/brikettproduksjon er ca 40-45 mill kr.

Osterøy Energi AS har og sett i drift ein varmesentral med flis/brikettar som råstoff. Det var denne sentralen som vart opna av Fylkesordføraren før påske i år. Brikettar til å fyre med har hittil vore frakta frå Oslo/Austlandet, då det ikkje finst produsentar av brikettar i Hordaland.

- *Osterøy Entreprenør AS* søkjer om å få godkjend eit areal i kommunedelplanen for Hauge med 70-80 bueiningar i 4-mannsbustader. Her er det aktuelt med biovarme. Ein flisfyr med nærvarmeanlegg vil kome på ca 1,6 mill kr.

- *Nye Osterøy Miljø AS* er eigd av Borge Garveri AS og driv eit pilotanlegg med teknologi i fremste verdsklasse for utnytting av spesialavfall til produksjon av elektrisk energi, varmeenergi og metall for ombruk. Anlegget har konsesjon for garveriavfall.

Konsesjon vart i juni 06 innvilga for prøvehandsaming av også andre avfallstypar. Noko varmeenergi vert nytta i garveriet, noko går til spille. Når kapasiteten for anlegget vert fullt utnytta, vil varmeenergi kunne nyttast i eit fjernvarmeanlegg i kommunesenteret Lonevåg. For å få rett balanse i prosessen i anlegget med nye avfallstypar, er det aktuelt å bruke trebrikettar som tilsetning.

- *Vaksdal Biobrensel AS* er ei pionerverksemd som i fleire år har produsert trepellets, men har no avvikla denne produksjonen. Vaksdal Biobrensel har og utvikla eit heilt nytt fyranlegg for bustader og mindre bygningar med vassboren varme. Anlegget kan fyrast med både pellets og ved. Den første prototypen er til utprøving. Det vert førebudd testing hjå prøveanstalt og eit vidare testprogram med ca 5 installasjonar.

- Fleire av *møbelfabrikkane på Osterøy* har flisfyringsanlegg, men manglar til dels råstoff og nyttar olje i tillegg.

- *Hosanger Helselag* overtek den tidlegare alders- og sjukeheimen, Hosangerheimen, av Osterøy kommune for ombygging til 15 omsorgsbustader. Oppvarming vert basert på vassboren varme og Helselaget ønskjer utgreidd oppvarming basert på flis/brikettar. Ein varmesentral vil kome på ca 0,8 mill kr.

- *Dalabakken AS* har prosjektert eit terrassebygg på Hatland i Lonevåg med 40 bueiningar. Oppvarming vert basert på vassboren varme. Det er ønskje om å få utgreidd oppvarming basert på flis/brikettar. Grovt kostnadsoverslag for varmesentralen: vel 0,5 mill kr.
- *Osterøy Skogeigarlag* er representert i styret for Osterøy Energi AS.

Når det gjeld prosjekt utanfor Osterfjordregionen nemner søkjaren:

- *Hordaland fylkeskommune* er sjølv pioner med biovarmeanlegget ved jordbruksskulen på Voss. Mesteparten av brenselet kjem som flis frå Austlandet (Kongsberg) då det i dag ikkje fins leverandørar i Hordaland som kan konkurrera på kvalitet og pris.
- Det er etablert eit samarbeid med *Skogeigarlaget Vest*. Skogeigarane er involverte i og til dels initiativtakarar til fleire prosjekt som no er under utgreiing/ førebuing.
- Ein ny *ungdomsskule i Sveio* vert prosjektert med vassboren varme. Ein ser no på moglegheitene for ein flisfyr.
- I *Rosendal* er ein kome langt i prosjektering av eit nærvarmeverk som er tenkt å varme fleire offentlege bygg. Også forretningsbygg kan vere aktuelle. Dette vil bli avklart tidleg på hausten 05. Kommunen, 2 skogeigarlag og Skogeigarlaget Vest er saman i ei prosjektgruppe.
- *BiR/BKK Fjernvarme* driv i Bergen (Rådalen) det einaste fjernvarmeanlegget i fylket.
- *Os Skog AS* har tilgang på erfaring frå mellom anna Danmark og Sverige når det gjeld produksjonsapparat for skogflis.
- Nokre skogeigarar har gått saman om ein flisfyr for oppvarming av omsorgsbustadene på Vossestrand. Også dei hentar flis på Kongsberg.
- Elles finst nokre få verksemdar/institusjonar som har biokjellar, hovudsakleg til eige forbruk.

Dei fleste aktørane nemnd ovanfor, er engasjert planlegging og etablering av ulike pilotanlegg som det er naturleg blir omfatta av dette pilotprosjektet.

- Innan biobrenselproduksjon nemnes:
 - Osterøy Energi AS og Mjelstad Miljø AS sitt anlegg for tørking og vidareforedling av flis med varme frå biogassanlegg og deponigassanlegg.
 - Palle, karm og kassefabrikken AS sitt anlegg for flising og brikettering av avfallstrevirke.
- Varmesentralar for oppvarming av einskildbygg (t.d. terrassehus i Lonevåg, Osterøy og nærvarmenett i Rosendal).
- Fjernvarmenett t.d. i kommunesenteret Lonevåg for utnytting av overskottsenergi frå Nye Osterøy Miljø AS sitt gassifiseringsanlegg.
- Utvikling av ny fyrsentral i regi av Vaksdal Biobrensel AS.
- Produksjonsapparat for skogsflis for forsyning av varmesentralar og anlegg for biobrenselproduksjon.

Osterfjord Næringsssamarbeid ønskjar mange søknader til midlane, og planlegg å lyse ut midlane når dei er stilte til disposisjon.

Oversikt over kostnader og finansiering.

Fordeling av kostnader på ulike fasar og prosjektområde(i mill kr).			
Prosjektområde	Prosjektering	Utbygging	Totalt
Biobrenselproduksjon (flis, brikettar) 1-2 anlegg	0,5	15,5	16

Biovarmeproduksjon (varmesentralar, fyringsanlegg, nær-/ fjernvarmeanlegg)	1,5	22,5	24
	2	38	40
Sum kostnader			
Herav fylkestilskott	0,2	3,8	4

Årsbudsjett og ønska tilskotsprofil				
	2005	2006	2007	Sum alle år
Forventa godkjende kostnader i prosjektet (mill kr)	20	10	10	40
Ønska tilskotsprofil fylkeskommunale midlar (mill kr)	2	1	1	4
Øvrig finansiering som lån, eigenkapital og tilskot frå andre aktørar (vil variere frå prosjekt til prosjekt)	18	9	9	36

Forholdet til EØS regelverket.

Generelt om EØS regelverket.

Av søknaden går det fram at midlane er tenkt nytta til tilskott til prosjektering og utbygging av 1 til 2 produksjonsanlegg for biobrensel samt sentralar for biovarmeproduksjon. Produksjonsanlegga vil vere eigd av private verksemdar mens det er noko usikkert om nokre av anlegga for varmeproduksjon vert eigd av offentlege aktørar.

Tek ein som utgangspunkt at det ikkje vil være aktuelt å gi tilskott til prosjekt eigd av offentlege aktørar (kommunar, fylkeskommune, etc.), vil dette være støtte til private aktørar. Desse private aktørane kan i hovudsak ikkje karakteriserast som primærnæring (bønder og skogeigarar), men som ordinær næringsverksemd og vert omfatta av EØS avtalen.

Det grunnleggjande i EØS avtalen og EU regelverket er at offentleg støtte som vrir, eller trugar med å vri konkurransen, i utgangspunktet ikkje er tillate. Det er visse unntak frå forbodet mot offentleg støtte som er spesifisert i The EFTA Surveillance Authority's State Aid Guidelines. I tilfelle slike unntak skal nyttast, må dette notiserast (førehandsgodkjennast) av ESA før støtte kan gjevast, ein prosess som kan ta 3 til 6 månader.

Gruppefritaksordningane

For å lette prosedyrane for offentleg støtte og avlaste Kommisjonen, kan nokre støtteordningar iverksetjast utan førehandsgodkjenning. Dette gjeld:

- støtte til opplæring
- støtte til små og mellomstore verksemdar (SMB-støtte)
- støtte til sysselsetjing.

Det er utferdiga detaljerte reglar om støtteform, kategoriar av støttmottakarar, støtteintensitet og maksimale støttebeløp, kumulering, tilsyn og rapportering. Støtte som oppfyller desse reglane treng ikkje notiserast. Den må derimot meldast til Moderniseringsdepartementet (MOD) på eit fastsett skjema, som så informerar ESA innan 20 dagar etter at tiltaket er satt i

verk. Så lenge støttegjevar og MOD er einige om at støtta ligg innanfor gruppefritaksordninga, kan støtta settes i verk utan notifikasjon.

I tillegg til gruppefritaksordningane kan også bagatellmessig støtte gjevast utan notifikasjon. Også her er det detaljerte reglar som må følgjast.

Mest aktuelt i denne saka vil vere å nytte gruppefritaket for SMB-støtte. Dei viktigaste reglane i kortversjon er:

- Brutto støtteintensitet til investeringar i anleggsaktiva kan ikkje overskride 15% av kostnadene for små føretak og 7,5% for mellomstore føretak.
- Satsane kan aukast med 10% dersom investeringa skjer i eit område som kvalifiserar for regionalstøtte (ikkje Osterøy).
- Brutto støtteintensitet til rådgjevingstenester og til messer og utstillingar (berre 1. gang) er 50%.
- Støtta må ikkje kumulerast med annan offentleg støtte dersom samla støtte går over grensene for støtteintensitet.

Følgjande avgrensingar kan slå ut for bioenergi prosjektet:

- Grensa for støtteintensitet kan gjere det vanskeleg å kombinera støtte hos andre som til eksempel Enova.
- BiR, som eig eit av dei deltakande selskapa med meir enn 25%, er muligens for stor til å falle innanfor grensene eit mellomstort føretak.

Fritak for miljøinvesteringar.

Som eit alternativ til gruppefritaksreglane kan det og vere aktuelt å nytte reglane for støtte til miljøføremål, etter reglane i kapittel 15 "Aid for environmental protection" i "Guidelines". Her går det fram at tiltak for å auke bruken av fornybare energiresursar vert vurdert som eit miljøtiltak. Bioenergi frå landbruk, skogbruk og ubehandla avfall frå skogindustrien er inkludert. Kombinerte varmesentralar og elektrisitetsproduksjonseiningar kan få støtte.

På spørsmål til MOD om miljøinvesteringar kan handsamast etter reglane for gruppeunntak har me fått følgjande svar:

"Dersom det skal gis offentlig støtte til miljøformål i medhold av miljøretningslinjene (Chapter 15: Aid for environmental protection i ESA sine "State Aid Guidelines") må ordningen notifikasjon til ESA. ESA må dernest godkjenne støtteordningen før den kan settes i verk. Det er bare dersom ordningen er omfattet av et av gruppeunntakene at det er tilstrekkelig med (forenklet) melding.

Dersom støtteordningen faller utenfor gruppeunntaket for SMB-støtte (og overstiger grensen for bagatellmessig støtte som er på 100.000 Euro over 3 år) må den altså notifikasjon.

Ved ein notifikasjon til ESA er det viktig at støtteordninga er utformet i samsvar med retningslinjene for miljøstøtte. Disse retningslinjene legger grunnlaget for ESAs vurdering og godkjenning av ordningen."

Drøfting

Eit prosjekt innan bioenergi ligg innanfor prioriteringane i RUP 2005 om å satse på næringar med særlege føremoner. Her er bioenergi nemnd som eit av satsingsområda for 2005.

Prosjektet er godt forankra i Osterfjord-regionen, både på kommunenivå og i næringslivet, i tillegg til at det er eit høgt prioritert interkommunalt samarbeidsprosjekt. Sjølv om prosjektet er forankra i Osterfjord-regionen er det lagt til grunn at prosjektet skal gjelde for heile Hordaland.

Auka bruk av bioenergi er eit høgt prioritert miljømål og vil medverke til å redusere CO₂ utsleppa frå fossile brensel. Samtidig vil det gje høve til auka inntening til jord- og skogbruksnæringa og det representerar ein miljømessig god måte å handsama biologisk avfall frå industriproduksjon og hushalda. Utvikling av bioenerginæringa kan og gje ny aktivitet og nye arbeidsplassar i fylket.

Det kan reisast innvendingar til at eit slikt prosjekt skal leiast av ein regional aktør som Osterøy Nærings samarbeid. Føremonane vil vere god lokal forankring og godt engasjement. Det er og viktig at ressursane vert konsentrert og koordinert i ein slik tidleg pilotfase. Dette vil auke sjansane for å skape vekstkraft og konkurransekraft. Ei koordinering på fylkesnivå kan sikrast med at fylkeskommunen oppnemnar ein representant til styringsgruppa som får oppgåva med å handsame dei einskilde søknadene.

Føremonen med at tilskott til investeringar planleggast på eit så lågt nivå som foreslått (7 til 15%) er at ein unngår at tilskottet i seg sjølv vil verta ein drivkraft for investeringar. I staden vil tilskott på dette nivået truleg meir fungere som katalysator for å få resten av finansieringa på plass for bedriftsøkonomisk sunne og fornuftige prosjekt.

Eit eventuelt tilskott til bioenergi prosjektet vil truleg bli omfatta av EØS regelverket for offentleg støtte. For å unngå kravet om notifikasjon vil det være enklare å holdast innanfor gruppeunntaksordningane om SMB-støtte. Innanfor dette regelverket kan ein gje støtte på eit nivå som det er søkt om. Det vil truleg vere mest naturleg at Osterfjord Nærings samarbeid som prosjekteigar sender melding til MOD. Retningslinjene for støtte bør utarbeidast i nært samarbeid med HFK. På dette området kan det og vere ein føremon at ein representant frå HFK sit i styringsgruppa for prosjektet som skal handsame dei ulike søknadene.

Hordaland Olje og Gass (HOG) har tatt eit initiativ til å nytta av Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift til eit prosjekt kalla "Biogass i Hordaland" med hovudfokus på regionane Sunnhordland og Hardanger. Målet er å få ei samla oversikt over potensialet for produksjon av biogass i Hordaland, samt kople dette med aktuelle brukarar og brukargrupper. Desse prosjekta vil ikkje direkte konkurrere med kvarandre då dei har ulikt fokus. Heller vil dei kunne medverke til ei breiare utvikling av bioenerginæringa i Hordaland.

Konklusjon.

I samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett vart rammetilskottet til fylkeskommunane auka med 50 mill. kr etter gjennomgang av moms kompensasjonsordninga. Desse midlane er enno ikkje fordelte på fylkeskommunane, men regjeringa har varsla at fordelinga skal liggja føre i samband med statsbudsjettet for 2006.

Stortinget vedtok vidare ei løyving på 100 mill. kr til fordeling på kommunar og fylkeskommunar som kom særleg dårleg ut av momskompensasjonsordninga i 2004. Regjeringa har varsla at denne summen i salderingsproposisjonen før jul, vil verta foreslått auka til 400 mill. kr. Det ligg føre eit førebels oversyn frå Kommunal- og regionaldepartementet der desse midlane er fordelte for kommunane sin del. Departementet opplyser at ein framleis arbeider med fordelinga for fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen reknar med at Hordaland fylkeskommune vil få kompensert noko av tapet ein har hatt på momskompensasjonsordninga, og ser det som realistisk at tilskotssummen på 4 mill. kr til prosjektet er innan rekkevidde.

Fylkesrådmannen vil utifrå ei samla vurdering rå til at fylkeskommunen engasjerer seg i prosjektet og yter tilskot med inntil 4 mill kroner basert på oppsett finansieringsplan. Tilskotet kan finansierast med forventa meirinntekter gjennom momskompensasjonsordninga, jfr. Fylkestinget sitt vedtak i budsjettet for 2005.